




OLA KLEPP

# Søre Klepp

Folk og ætt

# Søre Klepp, folk og ætt

Søre Klepp – som er avbilda på framsida av dette heftet, med den karakteristiske Bøverdalen i bakgrunnen – var opprinneleg eit husmannbruk under Vekkje, mellom Vekkjegroven og grensa mot Øverbø. På andre sida åt groven, på ei lita høgde låg Nordre Klepp, dette var berre ei snau stugu – ein buplass under Vekkje der det skiftevis budde huslause folk. Berre litt av stugumuren synet her i dag.



*Søre-Klepp med den karakteristiske Bøverdalen i bakgrunnen. Bøvra ned til venstre. Høykjøring på Øverbø. Personane frå venstre: Rakste jenta Tora Kristiansen (f. Bjørgen), Egil Kristiansen og i høyvogna Harald Kolden. Kvinna med rive nærast er ukjent.*



*Det som står att av stugumuren i Nordre-Klepp.*

Klepp er eit stadnamn, og kan vere svært gammalt. Truleg har det oppstått på den tida da folk tok til å ferdast gjennom Bøverdalen, og namn vart sette på etter dei geografiske tilhøve. Klepp skriv seg frå gamalnorsk, og er eit ord for haug eller klump (jfr. «Klepp» i graut som ikkje er godt stampa - mjølkklump), «pbakken», der husa står, er ei mindre høgd eller rande mellom «Øverbøbak-gjelkanten der Bøvra går i stryk og foss nedunder.

Stugu i Søre-  
Klepp, sett frå  
aust i 2012.



Uthus og høy-  
lyu.



Uthus med gamaldassen sett frå  
vest.



Søre Klepp vart truleg busett ein gong i tidsrommet mellom 1830 og 1850. Det skulle vera ein husmann frå Øverbø – Anders Eiriksson og kona Mari Olsdotter som kom hit. I tillegg fekk dei tydelegvis leigd med eit bra jordstykkje frå Øverbø som grensa naturleg inntil, og som gjekk heilt ut mot Bøvra.



Søre Klepp sett  
frå vest. Geita  
til bestemor  
trivst godt på  
eldhustaket, frå  
der er det over-  
sikt. Mor Marit  
Klepp står ved  
Leikarsteinen.

Det ser ut til at familien budde og dreiv her ein del år. Men ved folketellinga i 1865, er berre eldstejenta Anne registrert her. Ho var født i 1832 og ugift, men i 1856 fekk ho ei dotter Barbro med legendariske Per Spelmann. (Han gifta seg seinare med Mari – syster hennar – som vart fyrste kona hans). I 1891 reiste Anne til Amerika saman med dottera og mannen hennar.

I 1867 bur ein Ola Eiriksson her, (f.1837) og Barbro Andersdotter (f.1838), men heile familien reiste til Amerika same året.

Det ser ikkje ut til å ha vore fast busetjing her i åra framover, men kring 1878 kom ein Eirik Andersson (f.1844) og Marit Eilevsdotter (f.1840) hit nokre år. Men før 1900 var det atter nye folk her. - Ola Person frå sør Lunna (f.1845) og Torø Torsteinsdotter (f.1837) i Systugu Øverli. I 1904 kjøpte dei til sjølveige med skjøyte. Nå var Søre Klepp sjølvstendebruk. Men det var nok på denne tida at jordstykkje frå Øverbø gjekk attende til hovudbøle.

Så gjekk det vel ut med disse folka også, for i 1920 fekk Ola Hansen – husmann i sør Aukrustbakken under Sygard Aukrust, hånd om bruket. Han var bestefaren min, og i over 20år hadde dei budd på ymse plassar, så det var nok eit lengje etterlengta mål å få sitt eige. Far fortalde at det var sjuande gongen dei flytte da dei kom til Klepp, og ramsa opp «Kvamshagen» - «Bøstugu» - «Slettom» (der far er født) - «Ofigsbøholen» - «Knustugu» og «Søre Aukrustbakken» der dei budde lengste tida. ---Det var fyrst nå at Klepp oppstod som ættenamne for oss, og er i inneverande år 2018 enda ikkje 100år gamalt.

Men det skulle ikkje vera utan skår i gleda, for det var også dette året bestefar plutselig fall frå – berre 46år gamal – ja – han oppnådde ikkje å bli med til eigen heim og heller ikkje ta i bruk det nye etternamnet. Såleis er også namnet på gravstøtta hans ved Lomskyrkja Ola Hansen.



Gravstein til  
bestefar Ola  
Hansen Auk-  
rustbakken på  
Loms kyrkjegar-  
den

Slik gjekk det til at bestemor Barbro vart åleine om avdrag og renter og det økonomiske ansvaret. Men ho var eit sterkt menneskje som greidde å sjå positivt på livet trass motgang. Ingrid Juland – syskenbarnet – mindtes orda hennar frå denna tida: «--- men han fekk da te ein heim åt oss n'Ola for n' dø». Ho hadde ei sterk tru og eit ljost sinn, som eg seinare i livet kom til å få stor respekt for. «---fæ é berre vera frisk», var ord ho ofte brukte, og ho hadde alltid noko å vere takksam for. I minnet ser eg henne så klårt for meg når ho la matskeia frå seg og stilt knepte hendene ihop ei lita stund.



*Bestemor Barbro i arbeidshabbitten.*

Mykje av dette slektshefte kjem til å handle om besteforeldregenerasjonen. Det er med dei ættenamnet oppstod. Det meste er kjent ved munnleg overføring, men ein ikkje liten del har eg sjølv opplevd.

Før husmannstida i Aukrustbakken livnærde dei seg av forefallande arbeid på gardane i høve til årstidane, med hândarbeid – bakst – karding og spinning for bestemor, og det vanlege gardsarbeidet for bestefar. Men i tillegg dreiv han også med dyrking og åkerbroting, og om vintrane sat han mykje med steinboring og sprenging. ---Det var sagt at han kanskje fekk dauden i kroppen av dette stein arbeidet om vinteren.

Bestefar dø i 1920, 6år før eg var født, men forteljingane skildrar ein familie der sang og musikk var ein del av det daglege livet. I tillegg til husmørarbeidet hadde bestemor lært seg eit yrke som ho etter kvart vart kjent og respektert for både i Lom og Skjåk. - Ho vov tjukkåkle, og vart som ein ekspert når det gjaldt farging av garn som folk kom med. Det var særleg fargar ho kokte ut av innsamla urter – lav og mose frå stein og tre i skog og mark. Men i tillegg til dette dreiv ho karding og spinning sjølv, og fekk fram fleire fargenyansar på garnet ved å karde saman svart og kvit ull. Er så heldig eg har eit åkle etter henne, som oss fekk i brurgave.

*På veggen; åkle som bestemor Barbro har vove, med garn ho sjølv har farga. Til venstre står Julia Bogdana Klepp, og på bordet ligg «jordbærtjuven» til Malene utstoppa. Reven enda sine dagar ved bilpåkørsel i vegen innanfor jordbærfeltet.*



«N' far spelte på tvaurspel, --Ikkje slik og forstå at han var nokon storspelar, men han spelte nå på trekkspel» - slik Rønnaug eldstedottera uttrykte det ein gong i samtale med Rolf Myklebust på radio. ---Det kan tyde på at han var sikker i leikjom når spelmenn kom for å lære. Også Olav Aukrust kom fleire gongar i slikt ærend fortalde far, Hans Klepp.

Det var eit lettleva hus, der song, musikk og arbeid gjekk om einannan. Beste-

mor og bestefar sto så på lag med ungdomen i grenda fortalde Rønnaug, og dei var alltid medbedne når ungdomen bad ihop til dans og moro ein laurdagskveld. ---Kanskje var dette også grunn til at tonesamlaren O.M. Sandvik fann vegen til heimen deira i Aukrustbakken. I musikkverket til Knut Kjøk har eg funne ein halling (halling nr.92) etter oppskrift av Sandvik med kjelde Ola Aukrustbakken.



*Musikk og tonesamlaren O.M. Sandvik (1875-1976), han vart 101år.*

*Fela som far, Hans Klepp, fekk av Sandvik.*

Også sungen og stubbane til bestemor var av interesse for Sandvik, og han kom fleire gongar på besøk. Såleis fortel Rønnaug om ein gong han kom til Klepp etter at dei var komne dit: - det var i slåtten, og bestemor hadde turrhøy som ho var i ferd med å bera inn med reip i bær på ryggen. Sandvik hjelpte til så ho kom seg på føtene med bera og stødde oppunder i motbakken opp til høylyu. -Far fortalde også om eit minne: «--Det var hjå Sandvik eg fekk fyrste fela mi».

Dette vesle husmannsbruket fødte nokre geiter og ei tid var det nok ku og kalv også, men da måtte ho «vinne fôr» utanfrå, for jordvegen var for liten.

Rønnaug fortalde vidare frå denne tida når bestemor sat i veven og let skjøttlane gå gjennom renninga. Nå var det at oss ungane fekk vere til hjelp. Oss passa på å «spøle opp» nye garnspolar til henne i dei ymse fargane. Nå gjekk det unna - mor song til arbeidet, oss lydde og oss lærde, samstundes som det var ei innføring i arbeidslivet. Særleg var eg trå mintes ho, og eg gav med aldri før eg hadde både tekst og tone. ---Her er oss kanskje ved grunnen til at Rønnaug seinare i livet kom til å berge så mykje av den gamle songskatten som enda sat i minnet, og som nå er digitalisert.



Rønnaug Klepp  
Vangen på  
«sessfjole» i  
veven.

Her vil eg skyte inn ei historie frå denne tida, da denne nasjonale kulturskatten vart sikra. Det var Rolf Myklebust frå NRK som på ei av samlarferdane sine kom attende til Rønnaug for å gjere nye opptak. Som nemnt tidlegare er terrenget i Klepp både bratt og kupert, og Rønnaug som nå nærma seg sekstiåra, fann tryggleik i stavar å støtte seg til når ho skulle ut å gå i grannelaget og til slik hjelp hadde ho ståande to skistavar utfor døra både sommar og vinter. Så ein dag på førsommaren kom Rolf Myklebust. Han trefte mannen, Ola Vangen ute.

Han var litt av ein skøyer, og ikkje ukjend for å slengje litt med kjeften. Myklebust spurde om han hadde kona heime. - Nei ho hadde gått ut for ei stund sia. Og Ola legg vidare til; «e såg ho drog i veigen med eit par skistavar rettnå, men neggu veit e kår heillst det æ skireinn i dag».

Etter at Rønnaug og Ola Vangen gifta seg budde dei i mange år i søre stugu i Klepp – ein liten tømra-bolong på eit rom og ein smal gang. Her dreiv ho som sydame, men om sumrane fanst ho oftast att som sæterbudeie der ho delde trall og song med dyra sine.



*Rønnaug med  
ku og kalv i  
Klepp.*

Bestemor tileigna seg enda ein profesjon som ho var åleine om. I eldhuset sto ei «tøyperse» etter ein av dei førre eigarane av plassen her. Folk kom med vevnad til pressing. Dette var både eit tungt og varmt arbeid. Når ho «sette persa» som ho sa, la ho skiftevis tøy og mellomlegg mellom oppvarma jernplatar til persa var full. Eg minnes når ho dreiv med dette at sveitten draup frå nasetippen. Til slutt skulle persa skruvast ihop. Ein durabel skruve i midten med to store hol passande for jernspett vart brukt for å få nok presskraft. Oftast fekk ho med seg karfolk hjelp til dette.

Midt i strevet kunne bestemor lyse opp i eit smil når ho mintes ungdomstida, og ho tralla slåttane ho hadde dansa etter. Ho kunne nynne tonane frå fela til Sigurd Eggen som var god venn med bestefar og vanka ofte innom heimen når han fór med fela. Ho kunne nemne Per Spelmann – mesterspelmannen – som ho hadde trødd dansen etter, og lægjande kunne ho kome med denne rispa: «-N' Per Spelmæinn hainn sat uppå «Flåkjinn» og lét, te budeiein på «Hovde» både dansa og gret». --- Ja, han Per han hadde nok makt over spelet sitt.

Eg minnes bestemor frå mi fyrste tid som snill og god, med tanke for andre enn seg sjølv. Foreldra sine tok ho til seg da dei vart gamle og hjelpelause, og båe døydde hjå henne i Klepp. Ei småjente - heitte Borghild - født av foreldre utanfor ekteskap, tok ho til seg. Men denne jenta døydde frå henne av sjukdom 6 år gamal. Seinare tok ho til seg ei eldre kvinne - Ragnhild - som også døydde frå henne etter ein del år.

Medan far var i Amerika, og oss budde i Bråtå, veit eg at ho gjekk på sin fot dei

vel 3 milene mellom Klepp i Bøverdalen og Jørungstulen. Men ho kasta ikkje bort tida under vandringa. Ho gjekk med bondingen i hendene og garnnysta hekk i ei nål på bringa.

Enda eit minne om bestemor til ettertanke: - I det daglege arbeid og det kroppslege slitet, hugsar eg også at ho synte respekt for behovet til kvile. Med fyrklesnippen over anletet kunne ho «halle seg attpå», - om ei lita stund kunne ein merke at sømnen rann over, men straks etter var ho framme på golvet og i arbeid på nytt. - «Det skal ikkje så lang stonde te, før ein messom er fornya», kunne ho seia.

Da Eldri - dottera - og mannen skilde lag, hadde dei ei dotter Palma på 3år. Bestemor tok seg av henne, og her voks Palma opp. Eldri vart seinare gift med Tore Borgen som ei tid før hadde mist kona og mor til tri barn. Eldri vart ei dugande husmor og gardkjerring i Borgen og dei fekk borna Oddrun Åsta i 1934 og Tor Egil i 1939. Eldri skulle også få æra for at sætra kom attende til garden.

Palma kom tidleg ut i arbeid, men fekk ein alvorleg sjukdom som førte til ein stor operasjon. Det gjekk godt, ho vart frisk og kom attende til arbeidslivet. Ho vart gift, og opplevde å få to barn. Men så snudde lykken - seinkomplikasjonar av sjukdommen førte til at ho i 1963 måtte reise frå mann og barn berre 37år gamal.



Eldri med Palma på fanget, og bestemor. Bak; Rønnaug og Ola Vangen.



Familiebilde frå Borgen i 1935. Sittande fremst frå venstre Tore Borgen med dottera Pauline i fanget. Ola Borgen, Rønnaug Borgen, Eldri Klepp Borgen med Oddrun Åsta på fanget, Marit Klepp med Anne på fanget. Bak frå vinstre; Barbro Klepp, Rønnaug og Ola Borgen.

Oddrun Åsta med liten «kotgris» i 1949.


Palma med Elinor på fanget framfor stugu i 1954.

Joakim Valderhaug, Elinor, bestemor og Palma i Klepp.

Det var ikkje å undrast om bestemor i sitt 82. år var ei utsliten og nedbroten menneskje som låg til sengs i sin ein eigen heim.

Men før denne tida hadde Rønnaug og mannen hennar leigd seg tomt på øvre delen av eigendomen. Her bygde dei hus og kalla heimen sin Øvre Klepp. Nå fløtte Rønnaug innatt til mora, og trod støttande til med alt- lyfte ut og inn på senga, og var alltid i nærleiken. - Så fekk ho vel på ein måte gjeve mor ein takk til gjengjeld. ---Det var gravferd etter bestemor påska i 1956.

Frå vinstre:  
Jarle, Håkon,  
Målfrid og  
Elinor på flats-  
eng utti slugun  
på Stulen i  
1963. Elinor  
og Jarle var  
hjá bestemor  
Eldri ei tid om  
sommaren som  
mor Palma  
vart borte. Ei  
stund var dei  
også på Stulen  
til avveksling.



Frå 80-årsda-  
gen til bestemor  
i 1954. Frå  
vinstre: Ola,  
Anne, Amund,  
Magni og  
Bjarne Klepp.  
Fremst beste-  
mor Barbro.



Eg vil ta med eit lite avsnitt frå oppveksten til far – små glimt som fortel om tid og tilhøve – og om ein lettleva ungdom som tok livet som det var med både skøy og alvor. Fyrst ei historie frå barndomstida medan dei budde i Ofigsbøholen. Det var ein morgon på den myrke årstida om hausten, og ljøset kom frå parafinlampa. Foreldra var utreist tidleg, truleg på pliktarbeid, og far som var i 3års alderen og enda ikkje påkledd, stabba rundt i berre skjorta. Plutseleg datt lampa ned, og det tok fyr. Skjortebladet til guten hadde nok fått ein oljeskvett og det loga opp. Dette var dramatisk. Det brann i skjortebladet, men den rådsnare systera 5år gamle Eldri, greidde å berge guten frå det som heldt på å bli ein brann. Rønnaug som var 8år, greidde å dempe resten.

Han fortalde om konfirmasjonshausten, han tente på ein gard oppi «Medalen», og spurde om han kunne få fri laurdag før konfirmasjonsdagen. Det var da også ein god stubb å gå heim til Klepp. men han måtte breie utover 30 merralass med møkk før han slapp, det vart fullført. Eit av ungdomsåra tente han i Ruststugun i Kvam. Da eg 30år seinare kom saman med kvamverar på Øvre-Vinstra anlegget fekk eg spørsmål om eg kjende ein som heitte Hans Klepp frå Lom. Eg kunne ikkje nekte for det, og eg fekk meg servert historier om ein ungdom med fele – full av spillopp og påfunn dei seint kom til å gløyme. Ei historie frå ungdomstida hans i Lom som fortel om eit dristig påfunn ein gong det hasta og det skulle gå fort. Han skulle låne ei møkkjakjerre på Sygard Aukrust, og brukte like godt ein sykkel og batt kjerra atti. Men det hadde visst nær gått gale nedover Vekkjebakken. Dette vart meg fortalt av ein gamal mann som mintes historia.



Ungdomsbilete av Hans Klepp.

I 20 års alderen møtte han skjebna i form av ei budeie på Bøverhinnhalsen. Ho kom frå Bråtå og var sæterbudeie på Sygard Aukrust. Dei vart gifte og livet kom til å endre seg på mange vis. Han hadde enda ikkje fylt 23 år – mor var 18 da dei fekk foreldreansvar i ei vanskeleg fattigdomstid. Men ambisjonane og kreativiteten var ei sprengkraft og han hadde på ingen måte tenkt å plassere ljuset sitt under ei skjepe. Det vart gardkjøp, gjeld og blodslit i ei vanskeleg tid. – Alt etter 3 år gav dei opp dette. Det vart Amerikatur – eit eksperiment ut i det ukjente og forventningsfulle i håp om ei forandring. ---Det skulle ikkje gå som han trudde. Den lunefulle skjebna spelte ikkje på lag, og da han etter fire år stod på heimleg grunn, var den økonomiske situasjonen som før. Men som han seier i boka si, «5år av mitt liv»: «---Utan den livsrøynsle, og kompetanse eg hadde tileigna meg, - ja da hadde eg verkeleg vore ein fattig mann».

*Ola og Amund  
Klepp i Nedre  
Brekke i 1928.*



*Mor og far fyste  
tida i Bråtå.  
Bestemor Anne  
Stulen til ven-  
stre.*



*Far reiseklar  
med amerika-  
koffert 18.mars  
i 1929.*



*Avskjed i  
Klepp. Mor  
med Amund på  
armen, eg på  
armen til far.  
Vel 10 veker  
seinare, 5.juni,  
kom Bjarne.*



Ved ny lov av 22. desember 1950 er bote- og bededagen flyttet til søndag før allehelgens dag.

#### Nasjonaldager

I dag er det Tyrkias nasjonaldag. Landet var kjernen i det tyrkiske rike, men ble republikk under Mustafa Kemal i 1923. I dag er landet et viktig ledd i NATO-samarbeidet. Den tyrkiske befolkning er stort sett muslimer. På grunn for navnet Tyrkia kan ligge et ord som betyr «øvrernes land», trolig en betegnelse som har vært brukt av fiendtliginnseende naboer.

#### «Krakket» i USA rammet Europa

Omfattende spekulasjon skapte en ubalanse økonomisk strukturer i USA i slutten av 1920-årene, og 29. oktober 1929 kom det endelige sammenbruddet på børsen i New York. Det ble noe langt mer enn en episode. Det innledet en langvarig økonomisk depresjon. Vinteren 1932-33 nådde arbeidsløsheten eksempelvis opp i bortimot en fjerdedel av arbeid-

*N.B. Eg det var mor i 1929 at far Amund Klepp kom til Amerika for å gjøre lykke. --- god natt?*

styrken eller mer enn 13 millioner mennesker. Depresjonen ble en del av den økonomiske verdenskrise på denne tiden, i Norge fikk den til følge det man i ettertid har kalt «de harde tredeårene».

#### Var tro til døden mot nazismen

Joseph Goebbels ble født 29. oktober 1897. Han ble verdens første offisielle propagandaminister. Goebbels var den intellektuelle innen den tyske nazismen. Han var doktor i filosofi og slo seg tidlig sammen med Adolf Hitler, som han ble trofast mot inn til døden. Med nye og moderne metoder innpodet han effektiv lojalitet mot nazismen i det tyske folk.

I mange år dirigerte Goebbels og hans medarbeidere helt presse og radio, film og teater i Tyskland. Da han våren 1945 forsto at slaget var tapt for nazismen, myrdet han først sine seks barn. Etterpå begikk han og hans hustru selvmord.

*Avisutklipp:  
Krakket i  
USA rammet  
Europa.*

Far fortalte meg at brev gikk jamt over havet disse åra – 85 brev til mor og oss, og 60 til si eiga gamle mor. Eg minnest det som ei høgtidsstund når det kom Amerikabrev. - Mor las høgt for oss uti «klæva» på Stulen, og oss vart som lyfta inn i ei an verd – ei eventyrverd så ulik det livet oss kjende frå Bråtågren-da. Brevet stakk ho alltid inn på bringa og gjøymde. Så mange brev – det utgjør fort regna meir enn to brev i gjennomsnitt kvar månad, og syner vel ei trufast stilling til eit framtidsmål. - oss stonda og gledde oss på tida til han kom att. ---I ettertid har nok tankane mine også gått til ei mor med tri ustyrlige krabatar i ei tid der ein snikande sjukdom heldt på å få overtaket, og ho mista evna til å styre og forsvare sine eigne barn, - stundom var det «hardhendt styring». Kva for verknad kunne det ha når småguten søkte tilflukt og klamra seg fast til mor for å unngå ris på blanke baken--?



Bilde av far i Amerika. Oss stig fram i røyken frå sigaretten.



Frå besøk på Sygard-Aukrust i 1930. Fremst frå vinstre: Amund Klepp, Jo Aukrust og Julie Aukrust. Bak frå vinstre: Marit Klepp med Bjarne på fanget, Anne Aukrust, Sylfest Aukrust og Ola Klepp. Dette er godt og vel året etter far reiste til Amerika. Oss er på besøk sjå bestemor i Lom, og måtte også ein tur opp til Tea og Bertil på Sygard – dit mor kom som budeie 17år gamal.

Spegelramme  
laga i Amerika.  
Eigar nå: Hans  
Gudbrand Skjåk  
Klepp.



Det var smedyrket, som far kjende litt til frå før, og som han tilslutt vart verande ved siste tida i Amerika. Det var i eit stort jordbruksområde ved ein liten by som heitte El Rosa, - der hadde dei smie men ikkje smed. Smeden var dø for ei tid attende. Far fekk leigd smia, og nå fekk han ofra seg for det han var mest interessert i - smiing og forming av ting i jern. Skaparevna og håndlaget hans kom til sin rett, og det oppsto vakre ting. Men etterkvart vart han så overlesst av tradisjonelt reparasjonsarbeid i denne landbruksmía at han måtte leige inn hjelp, og ei tid såg det lovande ut. Ynskjet hans var å hente oss over så snart det kunne bli råd til billett.

Men så var skjebna atter ute med sitt spel. Det tok til å kome brev frå heime som fortalde at ikkje alt sto bra til. Det fyrste kom frå systra Eldri, det var ikkje bra med mor og at han måtte sjå til å kome heim. Dette gjekk hardt innpå, nå som det såg ut til å snu. Ei tung tid da det stod hardt - slik han sjølv skildrar det i memoarboka si. Så pakka han ihop og reiste ifrå alt. Dette var til jul i 1933.

Eg minnest vel den dagen oss møttest - det skjedde hjå bestemor i Klepp. Oss budde på Stulen, og ei spent forvetningstid overskygde alt. Dagen oss skulle møtast var ein laurdag, for om laurdagane gjekk «Bruvollbilen» (den firkantede rutebussen) utifrå Bråtå. Den alltid smilande Sylfest Forberg var sjåføren.



Bruvollbilen med den alltid smilande sjåføren Sylfest Forberg og Syver (f.1926).

Frå Fossbergom gjekk oss dei fåe kilometrane opp til Klepp, men alt i Øverbakken kom far oss i møte. Etter gjensynsglede – tårar og klem, lyfter far Bjarne guten opp på armen (det er som eg både ser og høyrer det den dag i dag), - held guten litt ut ifrå seg, ser på han og seier: «Du æ 'n Bjarne, men kām æ' e?». Bjarne, vel 4år ser på far sin, dei har ikkje sett kvarande før, tenker seg liksom om, så kjem det busande skråsikkert: «Dæ æ duuuuuu...». --- Da skrattar far og klemmer guten til seg.

Nå fylgde ei glad og morosam tid. Far var full av påfunn og spel, han prøvde vel å ta att noko av det forsømde. Oss kappast om å få vera honnom nærast. Men stundom hugsar eg også han sette nokre grenser. - oss hadde vel vorte litt bortskjemde og lagt oss til nokre uvanar som måtte plukkast av.

Frå Amerika hadde han med seg eit telt. Til dette teltet knyter det seg varige minner. For eksempel når han tok oss med til Framrustelva på fisketur – steikte fisken på primus som var ein del av utstyret.


Snaudt året etter at far var komen heim, opplevde oss å få ei lita syster til stor stas og glede for alle. Det var Anne – ho vart midtpunktet, og knytte oss enda sterkare ihop. Bilde 24a Oss budde framleis på Stulé, der oss gutane var både til gagn og ugagn. Far vekependla mellom smiun på Ånstad og Stulen. Utpå sommaren i slåtten fekk vi også lov til å prøve ljåen. Ein gong Amund svinga seg og slo nedanfor stugu, kom Bjarne i faresona. Plutselig sat ljåen i leggen – eit stort sår gapte, og blodet flaut. Eg minnst frå seinare ut på hausten, da det leid så krytyrbølingane før heim frå setrane. Det var ein liten attraksjon for oss i det daglege, og særleg visst det kunne vere med ein stor okse. For best mogleg oversikt måtte det klivast opp og stå oppå hafella. Ein gong ramla Bjarne bakover og ned – eine foten hekk att mellom to stakettar, og leggjebeinet rauk. Det vart gipsing på staden og dokteren heitte Kjæstad.

Alltid var det Bjarne som kom bort i «skjeiferdene» - truleg noko grunna i at han skulle gjere oss to eldre etter. --Men Bjarne var optimisten, det gjekk ikkje lengje før han song og tralla som før.

Dette hende omtrent samstundes som mor kom heim med Anne. Bjarne med gipsafoten måtte friste tilværet i senga til onkel Eilev i den smale sengeklevan innanfor kjøkenet. Utpå dagen som mor var komen heim, sat ho på vetlkrakken framfor komfyren på kjøkenet og stelte veslejenta på fanget. Oss stimla mange rundt for å sjå, og stengde utsikta gjennom klevadøra. Da kom det lattermidt frå sjukesenga: «-Nei ha døkk uttu dør'n da, rompetrøyll, så e



Bjarne og Anne  
på Stulen.



*Bjarne har fått  
«napp» av stor-  
fisk i Vulu.*

mæ fæ sjå!» fylgd av ein liten trall. - Eg hugsar far hadde ein liten kommentar til dette, og han sa det slik; «Det æ han Bjarne som har det beste humøret tå dökk». Det var utvilsomt rett, og ei tid brukte far berre oppnamnet «sangdåse» på guten. Han var den som arva evna til sangen og musikken. Bjarne kom då også til å bruke fela, og var ikkje reint lite av ein ekspert på munnspele. I tillegg spelte han gitar. Ei stund brukte han fire munnspele – i forskjellige durar – montert på ein svingbar aksel i ei bøyle festa på gitaren. Det er ikkje for mykje å seia at dette var populært på fest i ungdomsmiljøet når han samstundes spelte både gitar og munnspele.

Elles var fiskestonga den andre store hobbyen hans.


Men små og store skjeiferder fylgde han mest som skuggen. Eg vil enda nemne eit par av dei mest dramatiske; i krigsdagane våren 1940 slo også ulykka til – denne gongen med eit øksehogg i kneet. Amund var med i spelet også denne gongen. På tur nedover dalen i ambulanse – med Alfred Bismo ved rattet – møtte dei «krigen» i Kvam, og måtte gjere vendereis. - Enda eit tilfelle som eg ikkje vil unnlata å nemne – det absolutt verste - og som kom til å endre livet hans. Det var under vedkapping med kappsag. Det høge favnvedaladet ved sidan av saga kom ramlande. Bjarne hoppa unda, med den skjebnesvangre fylgje at eine foten slong inni sagbladet på sida av kneet. --Etter fleire lange sjukehusopphald og spesial-operasjonar fram igjennom åra – blant anna hjå spesialist i Sverige – utvikla dette seg til å bli ein varig skavank og ei skjebne han måtte leve med.

-- Ei skjeiferd den 30.april i 1952 – ei lita veke før han fylte 23 år skulle bli avgjerande for livskvaliteten hans. - Likevel humøret var ikkje knekt, og orda til far sviv i minnet. Bjarne fekk visst bruk for nådegava si.

Også her heime vart det smedyrket til far som vart redninga til livets opphald.



*Bjarne Klepp og Finn  
Morterud på fisketur  
innover Vulu i 1952.*



*Bjarne i felehumør.*

Han fekk leigd Ånstadsmiu, eit vinkelbygg der halvdelen var tilrettelagt som familiebustad. Hit flytte da oss også om ei tid da det vart ledig, men inntil vidare budde oss på Stulen, medan far leigde seg rom i Søre-Jonsgard. Alltid overraske han oss med eit eller anna når han kom heim i helgene. Men ein laurdagsefta kom til å stå over alle. Oss gjekk «å stonda» - han var i ventom med mjølkebilen, når denne kom att med tomspanna. Men endeleg «tura det bil», og oss gutane storma opp til mjølkerampa for å ta imot. Men denne gongen såg oss noko på lang leid som fanga nysgjerrigheita. Det var i fleire fargar, men mest raudt. Og som det kom nær nok, fekk oss sjå at det var hjul på også - fire

hjul – også dei raude men med svarte nav. Da bilen endeleg stana ved rampa framstod det på lasteplanet ein liten retteleg lastebil med ratt, sete, motorkasse og nummerskilt E1, og med pedalar så det gjekk an å trå.

Eg kjende hjarta hoppe villt, for vidunderet skulle av her – far og sjåføren lyfte den ned på vegen.

*Bilen som far laga til oss. --Prøveturen vart avvikla nokså øyeblikkeleg slik bilete syner. Med mor, Amund og Bjarne på planet som t.o.m. var fjørande, og med eldstemannen ved rattet, naturlegvis.*



Utpå sommaren som oss fløtte etter til smiuleiligheita ved Ånstad, fekk vi endeleg oppleve å få vera for oss sjølve. Her opplevde eg fyrste gjebsdagsselskapet mitt, som eg kan minnast, da eg fylte 10år. Ellers var tida fylt med glede og spent forventning, for snart skulle vi bli fem i syskjensflokk. --Men dette skulle ikkje gå som oss hadde tenkt. Livet snudde plutselig, - ei ny og framand tid for oss da barnet - ei jente - døydde tre dagar gamal. Dette greip oss sterkt, og mor aller mest. Anne syster hadde ikkje fylt to år enda og mor fekk ei depresjonsperiode. Det var på denne tida at Olava Blikken - syskjensbarnet til mor og i konfirmasjonsalderen, kom til oss som «bånfost» og hjelp i huset.

*Gravferd ved Ånstadsmysu i 1936. Magni født 23.september, død 26.september av lungefortettning.*

*Ved båra bak frå vinstre: Ola Klepp, Tore Haugen, Johan Haugen, Amund Klepp.*

*Bak frå vinstre: Palma Klepp, Hans Klepp med Anne på armen.*



Far likte ikkje denne bueininga i tillegg til smyu. For det fyrste var det ikkje særleg eigna som vinterhus, og for det andre låg det inntil ei stor flomgrov på den eine sida, og på den andre gjekk bilvegen tett forbi.



Frå vinstre: Erling Jonsgard, som far budde hjå fyste tida ved Ånsdagsmiu. Eilev og Karl Blikken som nyleg hadde sett opp «Blikkeverkstedet», og sett igang produksjon av ein enkel vasspreiar. I 1937 slo far seg saman med desse to brørne og oppretta firmaet «Blikken og Klepp».

Hans Klepp og Eilev Blikken driv med «hjulskoing» ved Blikkeverkstedet i 1938. Å settje jarnring på til dømes eit kjerrehjul, var eit typisk smiuarbeid før gummi-hjulet gjorde sitt inntog etter 2.verds-krig.

Fyrst måtte ringen smiast og formast rund på ambolten. - ørlite mindre enn trehjulet. Så vart endane «sjoa» ihop i avlen - det var før sveiseapparatet kom. Når så ringen var ferdig til å klemmast innpå, vart han dugeleg oppvarma. Grunna oppvarminga, var han nå såpass romsleg at han let seg presse utanpå tre-ringen. Deretter rask avkjøling med vatn, og det heile krympa seg fast ihop til eit stødig jarnskodd hjul.



Så fekk far leigd ei romslegare tømrastugu ved Vollungsbrua rett framunder Aualehaugen. Heilt i nærleiken her, hadde Eilev og Karl Blikken – brørne til Olava, bygd smyu og landbruksverkstad. Det oppstod eit nært og tett samkvem, dei var i same bransje og truleg delvis grunna svigerskap fann dei på å slå seg ihop her ved Vollungsbrua til firma «Blikken & Klepp». Far hadde med ein togen sveiseapparat – eit sværande tenleg verkstadreiskap som enda var nokså ukjent her på denne tida.

I tillegg hadde desse to brørne begynt å lage ein enkel spreiar for trykkvatn. Denne var i utvikling, og her var det noko å prøve seg på for den kreative. Dei stod faktisk i startgropa for eit lite industrieventyr. Og det gjekk også «vegen» eit par tre år. I fellesskap utvikla dei nå ein meir avansert spreiar – sjølvstartande med turbinhjul og girkasse i oljebad, automatisk vending og sektorvating. «B.K.-spreiaren» selde godt, og forhandlarar vart oppretta både i Oslo og på Lillehammer. Til sine tider var det trongt nok i smyun – både fem og seks mann var i sving på vårparten for å få bestillingane unna.

*Harley Davidson  
motorsykkel med  
last på sidevogna.*




*Far med Harley-  
en og Anne på  
baksetet.*



Det var på denne tida at far fekk seg motorsykkel, - ein Harley Davidson med sidevogn, som var både nyttig og nødvendig ved enkle transportar, demonstrasjon og marknadsføring av vasspreiaren. Men tida og utviklinga kravde etter kvart meir tidsmessig transportmiddel, og det neste vart ei kalesjevogn frå 1920-talet av merket Citroën. Denne bygde han på karosseriet til ein kombinert person- og varebil - ein praktisk doning som var i bruk til lenge etter krigen.



Anne som barnepleierske på 1950-talet.



Prinsippskisse for motordriven smihamarlar 1938. Hans Klepp.

Ombygd Citroën Calasjevogn til kombinert vare- og personbil.

Skisse over motorisert smihamar.

Synes eg må ta med eit eksperiment som far stod for. Grovsmedarbeidet kunne vere tungt og ikkje minst varmt. I Amerika hadde han lært å bruke motorisert smihammar – ein rasjonell og arbeidssparande reiskap – nå ville han prøve å lage ein.

I eit stativ over ein oppbygd ambolt, gjekk ei motordriven eksenterskive, der start – stopp og fart kunne fotstyrast ved ein cluch. Dermed hadde ein bære hendene fri. Sjølv slaghamaren var styrt av eit opplagra armsystem som vidare vart styrt av sleideføringar på sidene. Mellom armene i sleideføringa var plassert ei kraftig dobbeltverkande spiralfjør som tok opp det kvasse rykket kvar gong hamaren snudde. Denne fjøra vart «reiva» av rundt og passe grovt fjørstål oppvarma til glødepunktet og deretter herda. Og det var nok herdinga som vart den store kunsta – få fjøra til «å stå» og tåle påkjenningane. I det lange løp vart nok fjøra ei forbruksvare, men du verden for eit framsteg når ein til dømes skulle «rette ei hakke»: - hamaren slo minst fem-seks gongar så fort som ved hånsmiing – arbeidsstykket held seg varmt lenger, og ein hadde bære hendene frie til å styre.



*Hans Klepp demonstrerar BK-spreiaren i Kummen i 1938.*



*Frå demonstrasjon av BK-spreiaren ein stad i Gudbrandsdalen i 1939.*

Ei stund såg det lovande ut. - Livet tok liksom til å stabilisere seg, med fast arbeid i smia – stigande etterspørsel i produksjonen av vasspreiarar, og med det sikrare økonomi. --- Men så kom vårvinteren; - minstejenta Magni vart fødd og mor fekk eit tilbakefall – såpass alvorleg at det skulle gå 43år før ho kom ihop att til sine egne. På denne lange tida skulle så mangt kome til å endre seg.

Det var farsyster Rønnaug og mannen Ola Vangen som tok seg av veslejentene. Dei var frå før barnlause, og dette vart ei god redning. - men likevel, far kjende som eit indre gnagande nederlag da han forstod at han på ein måte hadde mist eine barnet sitt. Forholdet mellom pleieforeldra og veslejentene hadde vorte så sterkt at han orka ikkje å skilje. - Men samstundes i full forvissing om at barnet var i dei beste hender.

Ei god stund etter dette tok Rønnaug og Ola til seg enda ei jente – eit spedbarn som vart født i heimen deira og ho fekk namnet Randi Olaug. Her voks så både jentene opp. Men så snart dei var gamle nok, tok dei ut og snart hadde dei sine egne familiar. Magni fekk to gutar, og ho kom til å få arbeidsplassen sin på Ullevål Sjukehus i over 35år. Randi rokk å få fire barn, men så rakna ekteskapet. Mannen hennar var frå Marokko, og det litt forunderlige er at han vart eigar av Øvre Klepp og bur der, medan Randi og borna måtte søke sine egne vegar.

Men for å gå vidare der eg slapp; - trass i gradvis lettare tilvære, særleg økonomisk, budde oss framleis heller kummeleg. Det måtte enda ei flytting til på



Rønnaug og Ola Vangen til høgre. Dei tok seg av Magni da mor vart sjuk. Til venstre: minste Hans Vangen, bror til Ola.


denne tida, før far fekk lovnad på ei byggetomt i Lundagrenda våren 1939.



*Rønnaug Vangen med Magni på fanget.*

*Magni, helsesystera.*

*Familiebilete. Magni Fjellstad med Ove Arild på fanget, og Ole Aksel med Rune.*



*Familiebilde på Stulen i 1974. Fremst frå vinstre: Sala Zouhar med Rune Ali i fanget, Olaug Randi, Gunnar Klepp, Malene Klepp, og Hans Lyngve framfor. Bak: Asbjørn Bjerke med Omar Zouhar framfor seg, Dagmar Spolén med Fatima Zouhar framfor, Håkon Klepp og Rønnaug Vangen.*



- Men nå skaut det fart - for alt til jul same året var tri rom såpass i stand i huset at oss fløtte under eige tak til høgtida. Dette var den fjerde flyttinga sidan heimkoma frå Amerika, men den ellefte i alt om far regna barndomstida si med, --- «ein milepæl i livet» som han sa. Heimen fekk namnet Klepp.



*Tomtegraving i Klepp i Lundagerenda, våren 1939. Fremst «Permo blakka» for lasskjerra i kvilestilling. Bak frå vinstre: Jon G. Lund, Olava Blikken, Koldbjørn Aurstad, Alma G. Lund, Sverre Blikken, Kristen Lundemo, Kristian Tofte. Ukjent mann med Anne Klepp på armen. Men denne mannen er ein kamerat av Kristien Lundemo, dei var både nyleg heimkomne frå Amerika, der Kristen var i 9 år.*



*Baksida av nyhuset. Seinhausten er tre rom omtrent ferdige.*

Så kom våren 1940 - det vart verdskrig og elendigheit. Industrieventyret med vasspreiaren fall i grus. Råvarer som jern - bronse og messing som var nødvendige i produksjonen, vart stoppa. Alt skulle gå til krigsmaskineriet.

Det kom nå nokre «frå hand til munn år» - krigsåra, med mangel på det meste. Men det var likt for alle, når ein ser litt bort frå at alle som åtte og kunne drive litt jordbruksproduksjon så absolutt hadde sin føremun, --ja, byfolk fann att slekta si utover landet da matmangelen tok til å gjere seg gjeldande.

La meg nemne eit lite eksempel på naudløysing. Da det lei ut i krigsåra ei stund og mangel på klær held på å bli merkbar. --Nå tok far fram Amerika teltet som det knytte seg så mange gode minner til, og lét på om oss ikkje kunne lage bukser av duken. I fyste omgang førte det til protester, men bukseløysa fekk overtaket. Det var likevel ikkje utan eit visst vemod da han kom heim med buksemønster - klippte opp teltet og på eigahand sauma knebukser til oss. Far var aldri rådløs. --Det fortel også Amerikaboka hans om.

Etter krigen tok far initiativet til enda ei industrireising. I kompaniskap fekk han bygd opp eit bil og reparasjonsverkstad i Bismo. Men dette skilde han seg frå etter fæe år. Skal la vere å spekulere så mykje i avgjerande årsaker, - dei var nok samansette, men det kan sjå ut som om overkapasitet på verkstadfronten kunne vere medverkande. Det var alt nå ein velutvikla bilverkstad her ved det kommunale bilselskapet, og den private bilparken i bygda var ikkje så stor enda på denne tida. Ellers oppstod det nok samarbeidsproblem --optimismen til far på den eine sida stanga imot pessimisme og svartsyn på den andre sida.



*Attende til  
ambolten i smiu.*



Nå kom ei tung tid. Far held på å bli ein bøygd mann av motgang og skjebnespel – bitterheita var ikkje langt unna, og det kom stundom fram. - «eg har aldri vorte sittjande så på røven før» sa han til meg ein gong. Dette fall nok også saman med at framtidshåpet hans tok til å rakne – trua på at oss ein gong skulle få til noko i saman.

*Far laga beslag til  
uldør på Stulen.*



*Ljoskrona som far  
laga til seg sjølv.*



*Beslag på skåp-  
dørane.*



*Smidd bilderame.*



*Peisesett som far  
laga til oss på  
Stulen.*



*Beslag på hyttedør  
i Fjellfurubu.*

Som familieforsyrgjar hadde eg på denne tida liksom glidd meir og meir unna – søkt ut for det økonomiske i tilværelsen og i det siste dreia det heile seg slik til at eg også skulle bli småbrukar i Bråtå, med påfølgjande store investeringskostnader. Far var skeptisk til dette – han hadde kanskje si eiga bitre erfaring i minne. Det var som han miste fotfeste ei stund, og som gav seg i utslag i meir enn alminneleg omgang med flaska og fela.

Likevel – det bar etterkvart attende til ambolten og smia som han nå hadde fått i stand i den nye heimen i Lundagrenda, og han tok opp att det tradisjonelle reparasjonsarbeidet som ligg til ei gardssmiu. Men nå var han fullstendig sin eigen herre, og fekk også ofra seg meir for det finare smiarbeidet – skape og forme.

*Far horvar opp  
ny jord til potet-  
land i Klepp.*



*Her går han i  
«skårgang» i  
slåtteigen.*



I tillegg hadde han fått dyrka opp jorda som låg til tomte, og fatta stor interesse for den vesle jordbruksdrifta, - sette opp uthus og fjøs. Blant anna laga han pumpesystem for utvatning av naturgjødsla, og han var ikkje lite kry over avlinga han fekk til. Jorda var alt anna enn lettrudt - men dess større kamp, dess større siger, seier ordtaket. Utifrå stuguveggen på sør og austsida, gjekk det med 144 billass med «Londahaugskvabb» for å få det så nokolunde til. Her vart det kjøkenhage og plass til nokre bærbusker, men det vart mange spade-tak, for alt vart opplasta og ut jamna med håndamakt.

I tillegg til eige forbruk produserte Olava og far ei tid både mjølk og poteter til levering. -- Dette vart arbeidsplassen dei siste 30åra hans. Far døde den 6.juni i 1990.

*Håkon og May  
Britt på armen  
til bestefar.*



*Olava med ku  
og kalv i Klepp.  
Helen er med  
som «påjågar».*



Som før nemnt vart mor verande lenge på institusjon. -Far som nyleg hadde vorte bileigar tok oss med på besøk, men det var stusslege møter. --Det gjekk år med tomrom. Men mor kom seg - oss fekk svar både på kort og brev. Om ei tid kom ho tidvis i privat pleie og dette førte også til hyppigare besøk. Det førte også til at ho i blant vart henta heim for å vera ei stund da så langt leid at det låg slik an.

Bjarne,  
Amund,  
Anne og eg  
fotografert  
i bildøra på  
«Gulen» på  
tur til Prest-  
seter for å  
besøke mor.  
(Den om-  
bygde bilen  
fekk namnet  
«Gulen»  
grunna at  
overdelen  
var gul)



Mor i  
sæterbesøk  
hjá oss på  
Skjåksæte-  
ra i 1955.  
Frå høgre:  
Randi Elton  
frå Raufoss,  
der mor  
var i privat  
pleie - mor  
Marit Klepp  
- Bergliot  
Elton, dotter  
til Randi -  
og budeia  
Malene  
Klepp som  
tydlegvis har  
eit forhold til  
bjøllekua si.





*Øktakvil i slåtten ein gong mor er heime på besøk.*

*På sundagstur oppover Bøverdalen i 1963. Her i «Måfå» framunder Høyfossen.*

Men i 1981 vart Helgeland pleiehjem – der mor da var – bestemt for nedlegging. Nå var det at Amund broder tok eit initiativ – stilte spørsmål til dei ansvarlege om mor kunne kome heim i privat omsorg. Dette vart godkjent på visse vilkår. Så drøfta oss dette saman. Her på Stulen stod eit ledig soverom, og saman med Malene og borna vart oss samde om å ta mor til oss som familiemedlem. Og slik vart det. Mor kom til å bli verande hjå oss i vel 10 år.

Eg opplevde å få høyre ho nynna på tonane og songane eg mintes frå barneåra. -Det var rart og tankevekkjande. Det gav meg ei god kjensle av at mor kjende seg heime blant oss.

Ho kom til Skjåkheimen dei siste levedagane, der ho døydde den 24.januar i 1991 – dagen før ho ville ha fylt 83år.



*Mor heime i jula i 1963. Her tek Oddmund imot gave frå nissefar.*

Amund – som greip tanken om å få mor heim til sine egne da det laga seg slik til, hadde frå ungdommen utdanna seg til flygar, og førte eit heller risikofylt liv bak flyspakane i over 40 år. Han opplevde fleire dramatiske situasjonar der han var sikker på at livet var slutt. Men støtt ende dramatikken på ein mirakuløs måte med at livet fekk fortsetje. – Skjebnespelet rår vi så lite med. – Men underleg var det da han i tilsynelatande trygge omgjevnader framfor sin eigen heim i pensjonsalderen skulle møte sin avsluttande livsskjebne med ein jordfresar under potetsetjing – det var den 23.mai i 2008. Amund vart 80år.



### Spitfire til en krone

Den siste operative flyging med Spitfire i Luftforsvaret ble gjort av løytnant Amund Klepp den 25. mars 1954.

Klepp var svært opptatt av at flyet, Spitfire PR Mk. XI (serienr. 979) skulle bli bevart. Enten i flygedyktig stand eller som utstillingsobjekt i et fremtidig flymuseum. Forsvaret hadde ikke tatt noe initiativ til å bevare noen Spitfire.

Sommeren 1954 oppsøkte derfor Klepp sjefen for flyvåpenet, generaløyntant Finn Lambrechts som var meget positiv til bevaringstanken. På stedet ble flyet solgt til Klepp for kr. 1,-. Salget må sees på bakgrunn av at de øvrige utrangerte Spitfire halvannet år tidligere var blitt overdratt vederlagsfritt til skaphandlere for metallgjenvinning.

Flyet ble etter kjøpet oppbevart ved Luftforsvarets tekniske skole på Kjevik. I 1966 ble det demontert og flyttet til Rygge hovedflystasjon. Etter restaurering kom flyet til Gardemoen i 1981.

I mars 1992 vedtok Stortinget å etablere Luftforsvarsmuseet i Bode. Klepp kunne ikke akseptere at flyet skulle flyttes dit. Staten v/Forsvarsdepartementet hevdet derimot at Klepp ikke hadde eiendomsrett til flyet. Klepp ble derfor tvunget til å forelegge spørsmålet om eiendomsrett for domstolene.

Konflikten ble forlikt i 1996 ved at Staten v/Forsvarsdepartementet aksepterte Klepps krav om eiendomsrett. Klepp på sin side ga flyet i gave til Staten på betingelse av at det utstilles permanent i et flymuseum på Gardemoen.

Flysamlingens Spitfire PR Mk. XI (serienr. 979) er en av få bevarte i verden.

*Amund med sin fortrulege ven i luftrommet gjennom mange år - «Spitfire'n».*

*«Usvikeleg venskap» førte til kjøp og avtale om varig vern på museum. Fakta: Amund oppsøkte sjefen for luftforsvaret, general Finn Lambrechts, og spurde kva han skulle ha for «Spit'n». Generalen svara spontant; «formedelst en krone». Amund tok opp «boka» og la krona på bordet, dermed var handelen avgjort, - eit ord var eit ord, og ein mann var ein mann.*



## Olava

Denne ættesoga er ikkje fullkomen utan ei skildring av henne som berga familien for oppløysing da ulykke og krise slo til.

Alt som 15åring kom Olava som «bånfost» fyrste gongen inn i familien. Inni mellom var det andre, men oss gledde oss støtt når ho kom attende. Det var nok det som etterkvart førte til, at det vart berre ho. Far forstod godt dette – han ville det beste for oss – hans overordna mål var å halde familien ihop, det hugsar eg han ofte nemnde. Ein heil vinter var Olava borte. Det var da ho gjekk kokkeskulen. Men Olava kom att – ho vart saknan, ja, eg trur oss sakna kvarandre, – ho treivst visst saman med oss. Far var lettliva, brukte ofte fela, og song visestubbar for oss – viser han gjerne hadde «smidd ihop» sjølv, som han song, og stundom førde fram på fest til underhalding.

Men i blant kom livets alvor, og han betrudde seg ofte til meg som eldst var om livets problem – om motgang og medgang, om skjebner og tilskik-kelsar – men at det alltid var eit håp. Han nemnde pengeløysa – var inne på manglande løn til Olava, som ikkje syntes å ha sans for å krevja. – Oss hadde på ein måte levd oss så sterkt saman som om at det var slik det skulle vera.



Anne og Olava



10års gjebyrslagslag ved «Ånstadsmysu» i 1936. Fremst frå venstre: Ragnhild Jonsgard Kjøk – Steinar Ånstad – Bjarne Klepp – Ola Klepp (jubilanten) – Amund Klepp med «Pas-sup», gardshunden på Sygard – og Målfrid Tykket Seberg. Bak frå venstre: Lars Jonsgard – Olava Blikken («bånfost») med Astrid Ånstad på armen – ukjent gut – Ragnhild Tykket med minstebarnet Arnbjørg 3mnd i bylt på armen – Marit Klepp med dottera Anne på armen – og Ida Stulen.



Helen og Arnhild ved bærbuska.

Helen og Arnhild med dokkene sine

Helen og Arnhild med flagg ved «leikar-stellet».



...For Anne vart Olava mor.

Far betrudde meg ein gong at sjukdommen til mor, schizofreni heitte det visst, var av ein slik karakter at ho aldri ville bli frisk, og at han juridisk var løyst frå ekteskapet med henne.

-I det stille hadde det skjedd ting vi ikkje hadde forstått, men som i tida framover glimtvis kom til syne. Forholdet til Olava kom til å endre seg. Ho heldt på å ta far ifrå oss, og dette sat langt inne. Men far forstod, og han tok oss med inn i vaksenverda og prøvde å gjere oss delaktige i livets problemfaser frå andre synsvinklar. Olava hadde ofra både ungdomstid og framtidsutsikter for at oss kunne få vere ein samla familie. -Far hadde fått prøvd livet meir enn dei fleste - han hadde tapt mykje, og som han ofte sa; «skulle eg også miste døkk, ja da hadde eg mist alt». Dette hadde Olava hindra, - han kjende seg i botnlaus gjeld, men han fekk oss til å forstå at oss måtte stå samla. Det var det overordna målet hans.



Far greip fela. Irene undrande på golvet.



Ona Merete  
- hjelparen til  
bestemor.

Far og Olava gifta seg 13.mai i 1944 og forholdet til småjentene Arnhild og Helen vart ein gjensidig og rik opplevels. Oss budde enda i mange år som ein samla familie, delde alt, og levde oss ihop som ein syskenflokk. Seinare da Irene kom og oss alle hadde fløtt ut, gjekk kan hende noko tapt for oss, kan hende mest for henne i dei vare og grunnleggjande barneåra.

Etter at far vart borte, levde Olava for det meste aleine i huset, og var dei siste åra lenka til rullestolen. Men Ona Merete, barnebarnet flytte inn og var henne til stor hjelp da helse tok til å skranke. Olava fekk eit sjuketilfelle og dø etter stutt tid på Lillehammer sjukehus 14.januar i 2009.

## Slutning

For den slektsinteresserte håpar eg at dette vesle historiske streifet har gjeve litt innsyn både i ætt - tid og tilhøve frå ei periode som er i ferd med å gli forbi og bli borte i gløymelsen. I dag har utviklinga gjort moglegheitene større for å «ta vare på tida», og ordtaket; «om hundre år er allting gløymt» er kanskje ikkje så opplagt lenger. Men utvikling er så mangt. I Lom der familienamnet vårt oppstod, er ættenamnet Klepp nå borte, men namnet lever vidare i husa og heimen på plassen som ein gong var eit husmannsbruk. Og slik det ser ut nå, er det kanskje berre eit tidsspørsmål før namnet er borte også i Skjåk, -- jentene gifter seg og tek nye namn, - gutane fløtt ut frå heimbygda. Men namnet lever vidare i den 11. og siste heimstaden til far.

-- Likevel, slekta skyt nye skot, og bileta under syner dei ferskaste knoppene på stamtreet. Isak og Eleah deler rommet på fanget til bestemor Irene, og Anna Malene synes trygg på armen til Oldefar.

*Irene med Isak og Eleah på fanget.*

*Oldefar med Anna Malene på armen.*



# Slekstoversikt på farsida.

Fire ættled i rett linje bakover. Litt biografi.



Foreldregenerasjonen – Hans Klepp med sysken:

1. *Rønnaug* f. 1898 – d. 1989. Omtale framafor.
2. *Eldri* f. 1901 – d. 1973. Omtale framafor. 1
3. *Hans* f. 1903 – d. 1990. Omtale framafor.

Besteforeldregenerasjonen – Ola Hansen Aukrustbakken (f. 1873 i Glømsdalsøye).

Sysken:

1. *Sissel* f. 1855. Ho var musikalsk som bestemora, «spel-Sissel», som ho heitte etter, og arva langleiken etter henne. Men spelinga hennar var ikkje berre vellikt av faren – jenta skulle vel helst ta seg anna føre, og han øydela spelgreia hennar. Dette fortalde både far og Rønnaug Vangen om, og særleg Rønnaug syrgde over langleiken til farsyster si. Ho var sjølv ei songkjelde. Sissel skulle vere den siste som spelte langeleik i Lom.

Ho gifta seg med Østen Jensen frå Sel i 1883, og familien reiste til Amerika i 1890-åra. Da far kom til Amerika rundt 40år seinare, prøvde han å oppsøkje familien, men fann ikkje på oppgjeven adresse (sjå boka «5 år av mitt liv» på s.105).

2. *Margrete* f. 1859 – d. 1860.
3. *Kristen* f. 1861 – d. 1944. Han gjekk under namnet Kristen Hansen – var dagarbeidar. I ungdommen sprek dansar og munnharpespelar. Ei herme etter han lyder slik: «denna leiken er så god at ein kan danse 'n om 'n så ligg i daud-ordom».

Kristen Hansen



Eg hugsar Kristen som ein gamal mann. Da gjekk han med krykkje og hadde stiv fot. Han budde i Kvamsstugun eller Kristenstugun ved Nordgard Kvamme. (Misvisande og forvirrande av somme også kalla Julandstugu og Jakobstugu. Men denne stugu som stod på omtrent same plassen, reiste i snoggskryu vintren 1868. Her budde husmannen Jakob Olsen frå Juland og ei eldre kvinne Ingrid Larsdotter som skulle vere frå Skjåk. Båe omkom da raset gjekk. Nystugu vart fløtt hit i 1904 og det var denne som vart heitande Kristenstugu).

Minnest eg såg Kristen «bikka» seg forbi Klepp med foten og krykkja, heilt nedpå Fossbergje iblant. Men heimat tok han seg skjuss bakpå mjølkebilan.

Kristen vart gift 22 år gamal med Anne Gauparshaugen. Ho var 20 år eldre, og hadde fire born frå før utanfor ekteskap. Ho døydde 78 år gamal i 1919. Da var Kristen 58 år. I 1936 – 17 år seinare – gifta han seg på nytt med den 31 år yngre Mari Grønbakken. Ho gjekk under tilnamnet «Mån-Mari». Det vart visstnok ikkje av dei mest harmoniske ekteskap, 31 års aldersskilnad.

Ein gong var han innom bestemor Barbro i Klepp som var svigerinna hans, og la klårt og tydeleg fram sitt ekteskapelege forhold. Kristen var godt talefør med klåre meiningar. Jau, ho Mari hadde prøvd å gjøyme unda ein friar – ein skrep-

pekremar – som Kristen ikkje måtte få greie på. Men det kom for dagen. --- Etter utførleg omtale og utgreiing om tildragelsen til bestemor, kom det til slutt liksom lite ettertenksomt, og kanskje underforstått hans høge alder: -- «Dæ æ ikkje for dæ – dæ keinn væra dæ såmā for me ---men så neiggu æ dæ ikkje dæ såmā heill», kom det sterkt poengtert og avgjort. Kristen vart 84 år gamal.

4. *Ola* f. 1867 – d. 1870

5. *Kari* f. 1871 – d. 1952. Vart gift i 1906 med Torvald Alvsson f. 1881 – d. 1962. Dei kjøpte tomt med jord til hage i Ofigsbøholen. Bygde ei lita tømrastugu oppå haugen, fekk også plass til eit lite fjøs, og hadde ku og

Kari og Torvald framfor heimen sin Furuhaug.



høner. Men kalven måtte dei ha inne. Heimen sin kalla dei Furuhaug. Kari dyrka svære gulrøter, og selde egg. Her var ofte kortspel og kaffesalg. Kari sat trufast ved spinnrokken og ho var ei ettertrakta bakstkjerring. Torvald fór på dagarbeid rundt omkring. Dei var barnlause. Da Kari døydde, henta far Torvald heim til oss i Lundagrenda. Her vart han i 10 år til han døydde i 1962.

6. *Ola* f. 1973 – d. 1920 i Aukrustbakken. Han er bestefaren min og meir omtala framafor.



Bestefar  
Ola  
Aukrustbakken

Juland – sysken til bestemor Barbro Klepp:

1. *Anne* f. 1870 – d. 1872

2. *Live* f. 1872 – d. 1873

3. *Barbro* f. 1874 – d. 1956. Bestemor med biografi framafor.



Bestemor Barbro

4. *Arne* f. 1877. Han utdanna seg til lærar, og budde på Hamar. Var ei stund skuledirektør i Akershus. Saman med kona Tora Ekre arva dei Eggjastugu i Lom, og denne brukte dei som feriestad.



Arne Juland,  
bror til bestemor.

5. *Anne* f. 1880 – d. 1947. Gifta seg i 1906 med Arnt Morterud født i Nord-Odal i 1867 – død 1952. Dei kjøfte garden Smestad på Eidsvoll i 1920.



Gruppebilet i  
1945 frå Smestad  
på Eidsvoll med  
medlemmer frå  
familien Morte-  
rud.

Frå vinstre Arnt Morterud f.1867 – Marit Morterud med Øyvind på armen – Torstein Morterud – Anne Morterud f. Juland 1880 – Sigmund Morterud – Kari Morterud med Karin, dotter til Marit og Sigmund framfor seg – Olava Klepp – Ukjent dame med barn på armen.

# Oldeforeldregenerasjonen – Hans og Rønnaug Kvamshågå:

Syskjenflokket til oldefar:



Oldefar Hans  
Kvamshågå

1. **Hans** f. 1834 på Gauparsmoen, gift 1856. Bilde 109 Flytte rundt mykje, Bøstugu – Kvamme – Krøkjeaugen – Aukrustbakken – Flas-kom. Ved folketellinga i 1875 budde familien i Glømsdalseya. Hans vart kalla «Vetlmainn» p.g.a ei hending da han var på eksis. Befalet refsa ein soldat fordi han ikkje kunne marsjere skikkeleg, peikte på Hans og sa: «se på han lille mannen der», dermed vart uttrykket Vetlmainn hengande ved han – ja, til og med ved somme av etterkommerane hans som til dømes «vetlmeinn Kristen» (Kristen Hansen) og «vetlmainn Kari» (Kari Furuhaug). Hans døydde i Kvamshågå i 1904.

2. **Jakob** f. 1837 – d. 1840.

3. **Jakob** f. 1841.

4. **Marit** f. 1845 – d. 1902. Gift med Lars Rasmusson f. 1857 i Bakken, død i 1922.

Syskjen til oldemor Rønnaug:

1. **Trond** f. 1827. Reiste til Amerika i 1866.



Oldemor  
Rønnaug  
Kvamshågå

2. **Rønnaug** f. 1830 – d. <sup>1909</sup>1969 – oldemor – ho kom til bestemor og bestefar i Aukrustbakken da oldefar vart borte og døydde der.

3. **Tore** f. 1834 – d. på Krøkjeaugen i 1904. Gift (1) med Anne Persdotter i 1861. Gift (2) med Brit Jonsdotter (Post-Brit) i 1863 på Røysheimshjellen. Tore og Brit vart foreldre til «Mjølke-Jo» som også fekk tilnamnet «Jo-frostfri». Han var spannsjauar på mjølkebilen – sat bak på bilplanet om det var 25 – 30 minusgrader.

4. **Ola** f. 1840 – d. 1912. Gift i 1868 med Eldri Jakobsdotter Grønbakken f. 1839 – d. 1922.

5. **Jon** f. 1843 – d. 1918. Gift 1871 med Rønnaug Knutsdotter i Bottabakka f. 1839 – d. 1925.

### Sysken til oldefar Johan Johansen Juland:

1. **Marit** f. 1844, gift i 1874 med Johannes Olsen på Søre Bakken f.1845. Er nemnd Hyrvemoen i Skjåk da dei gifta seg. Bur i Husom nedst i Bøverdalen ved f.t. i 1875. Ein son Ola reiste til Amerika i 1887.

2. **Johan** - oldefar - f. 1847 i Johanstugun. Gift i 1869. Var fyrst husmann i Marstein og nedre Aukrusttrædet. Kom til Juland i 1876. Fekk tong pust på sine eldre dagar, og orda kom liksom støytvis når han prata. Han døydde hjå bestemor Barbro, dotter si - i Klepp i 1923.

3. **Ingrid** f. 1851. Fløtte til Vågå. Gift i 1876 med Svein Person f.1853 i Lii eller Sambueiget.

4. **Nils** f. 1853, d. 1909. Skomaker og brukar i Marsteinsvei. Gift i 1876 med Sissel Imbertsonhau-gen under Sygard Aukrust, f. 1842. Ho var skreddar og eit nøysamt menneskje. Ellers var Nils ein «seille» for seg sjølv - tok livet på den lentoge måten - glad i ein dram og fanst ofte att der det var fest og kortspel. Ei «aksjonsrengje» sa far. Olav Aukrust nemner Nils i Aksion på Tande «... og n' Nils Johansen med innfann seg der, og Nyjordsvetlen og n' Petter Per».



Oldefar Johan  
Juland

Ei herme etter faren Johan Nikolai som var frå Kristiania og budde i Johanstugun, lyder slik: «Førbanna Nelsguttan kom heim full, og åt opp all mi sylte». (Sjå ellers historia om Nils i Heim og bygd 1991 s.46)

5. **Mari** f. 1855. Tenestejente på Marstein v.f.t i 1875

6. **Arne** f. 1858. Var skomakar, budde heime.

7. **Tore** f. 1864 d.1948. Gift 1894 med Anne Nedre Krøkje f.1872. Brukte Juland ei tid - var lasskjøyrar frå Otta og heilt frå Fidsvoll. Var godt kjend langs Mjøs - og Totenstranda, og hadde eit uvanleg godt minne. Dei forpakta i mange år prestegarden Ullinsvin i Vågå, før dei kjøpte Skjerstulen i Skårvangen og fløtte dit i 1921. På sine eldre dagar som pensjonistar, kom

Anne og Tore attende til Lom og budde i søre stugun i Klepp hjå bestemor Barbro. Tore var farbroren hennar. - når oss gutongane var hjå bestemor, måtte vi alltid inn og ta eit «slag kort» med Tore. Det var løgne stunder.



Tore Juland.  
Anne Juland

### Oldemor Eldri Juland - syskjeflokken

1. **Guro** f. 1824, d. 1879. Gift i 1856 med Trond Semmingsen f. 1823, d. 1891.

Dei forpakta Juland ei stund.

2. **Torø** f. 1826, d. 1890. Ugift. Hadde også Juland ei stund.

Oldemor Eldri  
Juland



3. **Eldri** f. 1836. Oldemor – skulle vere ei drivande arbeidsmenneskje. Folk som ikkje ville gjere noko kunne ho ikkje fordrågå, og ei herme etter henne seier sitt: «nei, ein skikkeleg arbeidskar må det få lukte både skjett og sveitte tå». Elles kunne ho sakte vere både kvass og støytande. Ein gong far var der hjå besteforeldra sine, fekk han høyre ho hakka lite på bestefaren: «nei, hadde eg ikkje treft deg, skulle eg haft det som plomma i egget», og den meir rolege bestefaren svara med sin tunge pust og støytwise ord: «Jaaa – dæ – ha – du – nok – gjordt – duuu». Oldemor døyddde også hjå

bestemor i Klepp i 1925 – to år etter oldefar. **Tippoldeforeldre generasjonen.** **Kristen Gauparsmoen** f. 1810 på Mauroygarden oppå Runningom – syskjena:

1. **Ivar** f. 1801. Gift i 1830 med Synne Nilsdotter Grinstugun f. 1803. Dei fløtte rundt mykje. Var ei stund i Luster, men kom att. Ivar hadde ei dotter Kari født u.e., ho fløtte til Skjåk og var tenestejente på Krogstad da ho gifta seg med Hans Olson f. 1821 i Brustugun oppå Runningom. Han hadde også fløtt til Skjåk, og var tenestekar på Ramstad. Kari dø fem år etterpå i 1859, og Hans gifta seg oppat i 1863 med Synne Rasmusdotter f. 1827 på Brennhaugen. Vart husmansfolk i Kåjede under Skjellkvåle.

2. **Kristen** f. 1804 d. 1807

3. **Ragnhild** f. 1807. Ho var ugift tenestejente på Dagsgard v.f.t i 1865.

4. **Kristen** er tippoldefaren min – f. 1810 på Mauroygarden, eit husmannsbruk under Storøygarden. Det er i dag nedbygd og burte. Kristen vart gift i 1834 med Sissel f. 1802 i Røysheimsåsen. Dei kom til Gauparsmoen, ei stugu ved Visbrue som sjølveigarar ein gong før f.t. 1865. Dette var ein heim utan jord, er også kalla Kristenmoen. Han var dagarbeidar. -- Kristen vart blind, og vart etter det gåande under namnet Blind Kristen. Stor fattigdom i alderdommen, og ei historie lyder slik; Kristen kom inn på Hoft ein julefta. Han sat som vanleg å småhumra – liksom tralla inni seg og lea på tæ'n. - «Ha dökk maträtt dökk te jul dökk da?» spurde hoftakjærringa. - «Jau – mysu og graut» - svårå Kristen.

5. **Torø** f. 1816. Fløtte til Trondheim i 1842, men kom att. Gifta seg med Ola Erlandson f. 1851 i Søre Marstein. Fløtte rundt ein del, men kom til Torøstugu som husmann utan jord før f.t. 1875.

**Tippoldemor Sissel Jakobsdotter Røysheimsåsen, f. 1802 – sysken:**

1. *Lars* f. 1796, d. 1884. Gift med Embjørge Larsdotter Slettom, kom til Hoftaholen ein gong før f.t i 1865.
2. *Ola* f. 1799, d. på Gaupar i 1844. Gift i 1824 med Synne Amundsdatter.
3. *Sissel* f. 1802 – tippoldemor. Skulle vere svært musikalsk og spelte på langeleik. Kristen – mannen hennar og oldefaren min, vart blind, og armoda var stor. Om laurdagskveldane kunne ho spela til dans på dansarslettene. Ho var glad i tobakk, og istaden for spelpengar tok ho like gjerne imot ein tobakksstubb som betaling. Ein leik «Spel-sissel» står oppført i musikkverket til Knut Kjøk som spr.leik nr.180. Både Kristen og Sissel dø som fattiglemmer på Kringelhaugen i 1874.

**Tippoldefar Gunnar Søre Marstein – sysken:**

1. *Marit* f. 1802, d. 1870. Gift i 1827 med Pål Knutson Kleppe i Vågå.
2. *Gunnar* – tippoldefar. f. 1805 i Rusti. Gift i 1827 med Margrethe Turtumøygard. Dei kom til Søre Marstein før 1840.
3. *Marit* f. 1809.

**Tippoldemor Margrethe Toresdotter Turtumøygard – sysken**

1. *Kari* f. 1797, d. 1878. Gift med Ola Mébyre.
2. *Ola* f. 1799, d. 1799.
3. *Margrethe* – tippoldemor. f. 1800, d.1851.
4. *Mari* f. 1806, d. 1809.

Tippoldefar Johan Nicolai Arnesen f. i Kristiania i 1819. Slekt hans er ukjend. Som ungdom i 20-åra kom han til Lom ved å slå fylgje med slaktefedrivarar attende frå byen – kanskje litt utferdstrang og for å sjå livet ute på landsbygda. Han var utlært skomakar, og stod nok såleis godt rusta for å møte arbeidslivet. Sko – den tida av skinn og lær – kravde sin fagmann, og yrket var nok minst like så utbreidd som skreddar og andre håndverkarar. Til dømes ein tur til fots fram og attende til byen, gjekk ikkje minst utover fottøyet. Kanskje var han også ein god for seg «friskus» som likte litt utfordring.

Ein historie har vore fortald om ein gong han sette støyken i Bøverdølane uppi Medalen. På ein aksjon på Vetløygarden, hadde byguten kom i ugreie med nokre der. - Plutseleg sett han i: «Nu farvel verden!» - og dermed stuper han

seg på hovudet ut i den gråe og stinne Bøvra som nettopp her renn noko lunde stille forbi, og blir borte. - Etter ei åndelaus lang stillheit, dukkar han opp langt nedanfor og svøm i land. - Han gifte seg i 1847 med Anne Mortensdotter f. 1817, truleg i Nistugu Slålien av ugifte foreldre Morten Tostenson Dalen i Skjåk, og Marit Nilsdotter Slålien. Dei slo seg ned i Marsteinsveen, og livnærde seg av skomakaryrket og i tillegg til det dette vesle bruket kasta av seg. Bruket gjekk helst under namnet Johanstugu steinare.

#### Tippoldefar Hans Juland - sysken:

1. **Rolv** f. 1783, d. 1842. Gift i 1817 med Mari Jonsdotter f. 1788 d. 1828. Husmannsfolk i Strind.
2. **Eilev** f. 1785, d. 1865 i Juland. Ugift.
3. **Kari** f. 1789, d. 1789.
4. **Hans** - tippoldefar. Han er tvilling f. 1790 i Hågå. Gift i 1823 med Live Olsdotter Røysheim. Kjøpte Juland i 1824, d. 1844. Var skomakar i tillegg til småbrukar.
5. **Ola** f. 1790, d. 1830. Gift i 1825 med Sigrd Larsdotter. Ola var skreddar, budde på Øyøygard før dei kom til Andbergstugu.
6. **Kari** f. 1795, d. 1865. Gift i 1822 med Kristen Sevaldsson. Husmannsfolk i Jordet.

#### Tippoldemor Live Røysheim - sysken:

1. **Torø** f. 1786, d. 1845. Gift i 1806 med Arne Galde.
2. **Rønnaug** f. 1790, d. 1792.
3. **Rønnaug** f. 1792, d. 1835. Gift i 1818, med Eirik Olsson Gaupar. Dei brukte ei tid i Nordre Gaupar.
4. **Live** - tippoldemor. f. 1795, d. 1867. Gift i 1823. Det lever framleis ei historie om oldemor. I 20-årsalderen forelska ho seg i ein fattiggut frå nedst i Bøverdalen. Sjølv var ho dotter av velstandsfolk på ærverdige Røysheim. Dette vart ikkje godtkjent av foreldra. Men Live hadde bein i nasen, og rymde like godt frå heime til guten ho var glad i. --I 1823 kom det også til giftarmål. Året etter, i 1824, vart husmannsbruket Juland delt. Det låg under Hågå - der guten hennar stakk utifrå. Søre delen vart tillagt Hågå, medan den nordre vart sølvstendebruk og fekk namnet Nordre Juland. Her tok så dei nygifte over eigen heim. I tillegg dreiv Hans som skomakar. Det synes etterkvart å kome til forsoning med foreldra hennar også, for fem år seinare får Live denne avbilda

kista som brurgave eller medgift med slik påskrift: "Livo Ols. Røsem 1828". Eldri Frøyse – tipp tipp oldebarnet til Live er ved arv eigar av kista i dag. Ved sida står dottera Elisabeth Eggen som er tipp tipp tipp oldebarnet og den sjuande generasjonen etter henne som fyrst fekk kista.



Medan kista var i bestemor Barbro Klepp si eige, hadde det ein gong nær gått gale. Det svarte partiet på framsida er merke etter eit branntillaup frå ei parafinlampe ein gong noko skulle hentast i myrket. Eit eller anna hende, - kanskje loket datt nedpå og knuste lampen og det tok fyr. Eg hugsar klårt bestemor fortalde at det var Ola Vangen som fekk sløkt. Ola og Rønnaug budde den tida i Søre stugu i Klepp, berre nokre få meter unna.

5. **Ola** f.1797. Kom til Åmillom, dø der i 1852.
6. **Hallvor** f. 1800. d.1870. G.1826 med Ingrid Knutsdotter f.1806 på Briemi, d.1890. Var brukarar i Røysheim.
7. **Johannes** f. 1803, d.1883. G.1839 med Marit Persdotter Bø f.1806, d.1869. Kom til Nordre Glømsdal rundt 1840 – vart gardbrukar her.



*Ættetavle for Ola Klepp - 5 ledd bakover*



*Ættetavle for Ola Klepp - 5 ledd bakover*

